



Notat

Dato: 05.12.2017
Arkivsak: 2017/17410-3
Saksbehandlar: lisadla

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkesordføraren

Trafikksikker fylkeskommune - svar på interpellasjon

Representanten **Anne-Beth Njørheim** (V) har sendt ein interpellasjon til fylkestinget 12.- 13. desember 2017 vedkommande Hordaland fylkeskommune som trafikksikker fylkeskommune.

Godkjenningsordninga Trafikksikker kommune er etablert av Trygg Trafikk, og vert utført i samarbeid med fylkeskommunane. Hordaland har i dag fire kommunar som er godkjente. I forlenginga av denne godkjenningsordninga så er det i fleire fylkeskommunar som har løfta eit spørsmål om ordninga også skal utformast til å gjelde fylkeskommunane, - så kalla Trafikksikker fylkeskommune.

Før fylkeskommunane kan starte eit slikt godkjenningsarbeid så må kriteria som gjeld Trafikksikker kommune omarbeidast og endrast slik at dei kan gjelde fylkeskommunen sine oppgåver og eining.

Også i stortingsmeldinga *Meld. St. 40 (2015-2016) Trafikksikkerhetsarbeidet – samordning og organisering* var anbefalinga frå dei fylkeskommunale samferdselssjefane at godkjenningsordninga Trafikksikker kommune også skulle omfatte regionalt nivå. Trygg Trafikk har hausten 2017 utforma kriteria for Trafikksikker fylkeskommune, som skal sikre at fylkeskommunane arbeider systematisk og tverrsektorielt med trafikksikring, basert på eksisterande lovverk.

I høringsutkastet til *Nasjonalt tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021* gjeld tiltak nr. 111 fylkeskommunen som Trafikksikker fylkeskommune:

Trygg Trafikk vil bidra til at fylkeskommuner kan godkjennes som Trafikksikker fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune er no i prosess med ei samanslåing frå og med 1. januar 2020. Regionreforma er svært omfattande, og vil i stor grad prege arbeidet på regionalt nivå i fireårsperioden 2018-2021. Det er likevel viktig at det ved etablering av ein ny region vert fastsett gode rutinar for trafikksikringsarbeidet. Trygg Trafikk sine kriteria for Trafikksikker fylkeskommune vil slik sett kunne vere ei viktig rettesnor for dette arbeidet.

